



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

18.09.2025

Vår ref:

2024/6572

Dykkar dato:

Dykkar ref:

201913014 og
202320330

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Tilleggsfråsegn - revisjon av konsesjonsvilkår - Røldal-Suldal-reguleringa - Røldal 2 og Novle 2 pumpekraftverk - Ullensvang

Statsforvaltaren i Vestland kjem med tilleggsfråsegn om behovet for betre vegtilkomst i Valldalen og eit meir miljøtilpassa manøvreringsreglement for Røldalsvatnet.

Vi viser til synfaringa 2.–3. september som gjaldt vilkårsrevisjonen for Røldal-Suldal-reguleringa og søknaden om fem nye kraftverk. I tråd med vanleg praksis inviterte NVE høyringspartane til å kome med tillegg til tidlegare høyringsinnspel, om det var behov/ønske for å spele inn noko nytt i saka.

Statsforvaltaren i Vestland har, saman med tre andre statsforvaltarembete, fremja motsegn mot dei nye utbyggingsplanane, på grunn av konflikt med villrein. Det kom fram mykje interessant informasjon om villreinen på synfaringa, og vi legg til grunn at dette blir fanga opp og vurdert i den pågåande villreinundersøkinga. Så ser vi fram til å få rapporten på høyring når den er klar.

I høyringsfråsegna vår blei landbruksdrift og friluftsliv kommentert berre kort og heller standardisert. Etter synfaringa ser vi at det kan vere behov for å supplere eller nyansere litt om ferdsel i Valldalen og friluftaktivitetar knytt til Røldalsvatnet.

Valldalen; ferdsel knytt til landbruksdrift og friluftsliv

Vi nemnte at det er beite i fjellområda, og at anleggsvegar frå eksisterande kraftutbygging kan vere positive med tanke på beitedrifta. Dette vil ofte gjelde for vasskraftutbygging i fjellet, der anleggsvegar har gitt vegtilkomst inn i tidlegare veglause område.

I Valldalen var derimot utgangspunktet eit heilt anna, ved at det var veg inn dalen, og ei omfattande stølsdrift. Her var det altså god tilgang til landbruksareala som blei drifta, før reguleringsmagasinet demma ned vegtilkomsten og stølsområda.

Det har kome fram i høyringsinnspel, og understreka av fleire grunneigarar på synfaringa, at vegløyisinga i dag vest for magasinet kan vere rasfarleg og ueigna i lengre periodar. Tilkomsten til beiteområda aust for magasinet blei omtalt som svært tungvinn.

Vi nemnde i høyringsfråsegna at reguleringane omfattar viktige friluftsområde, og innfallsportar til Hardangervidda nasjonalpark. På synfaringa blei det understreka at Valldalen er ein viktig innfallsport, men problemet med vegtilkomsten er den same som for landbruksdrifta.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Vi er samde i at det bør stillast krav i revisjonen om betre vegtilkomst til beiteareal og friluftsområde i Valldalen.

Vi påpeika i fråsegna at nye tilretteleggingstiltak kan kome i konflikt med tiltak som er foreslege i tiltaksplanane for villrein om å redusere ferdselen inn i villreinområda. Det betyr ikkje at tilrettelagt og sikker ferdsel inn Valldalen skal nedprioriterast, slik at ulempene frå vasskraftutbygginga ikkje bør rettast opp i revisjonen. Ferdsel og friluftsliv inn i villreinområda skal vurderast opp mot tiltaksplanane, på ein heilskapleg måte saman med andre aktivitetar og tiltak som kan påverke villreinen.

Røldalsvatnet; friluftaktivitetar

Fleire lokalpersonar viste stor misnøye på synfaringa med at manøvreringa av Røldalsvatnet, som er regulert 17 meter, vanskeleggjer aktivitetar knytt til vatnet. I år med sein fylling er det vanskeleg å kome ned til vassflata, og det blei òg opplyst at det kunne vere farleg på grunn av erosjon i reguleringssona.

Det er krav i gjeldande manøvreringsreglement at vatnet skal fyllast opp til to meter under høgste regulerte vasstand (HRV) i fyllingstida. Dette skal skje ved hjelp av «alt uregulert felt», medan det er avgrensa av at «.. I fyllingstiden tappes magasinene slik at avløpet fra Suldal I og Suldal II til saman utgjør minst 42 m³/sek. uavhengig av tilsigsforholdene».

Gjeldande reglement ser dermed ut til å ha føringar som gjer det vanskeleg å ivareta brukarinteressene knytt til Røldalsvatnet tilstrekkeleg. Restriksjonar for fylling av magasin, innanfor konsesjonsgitte reguleringshøgder, utgjer eit handlingsrom for å kunne bringe miljøforholda meir i tråd med dagens miljøstandardar, slik det er intensjon om å oppnå med revisjonar av konsesjonsvilkår.

Vi legg til grunn at brukarinteressene knytt til Røldalsvatnet blir betre prioritet i eit revidert reglement.

Med helsing

Aslaug Aalen
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Statsforvaltaren i Rogaland	Postboks 59	4001	STAVANGER
Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark	Postboks 2076	3103	TØNSBERG
Statsforvalteren i Agder	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL